



**NIBIO**  
NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

## NOTAT

Til: Mattilsynet

Dato: 09.09.2024

# Høyringsuttale - endringar i TSE forskrifta knytt til Prosessert animalsk protein (PAP) frå insekt som fôr

NIBIO viser til [høyring](#) 29. juni 2024 frå Mattilsynet, om å gi innspel til endringar i TSE forskrifta knytt til Prosessert animalsk protein (PAP) frå insekt som fôr.

Innspel er sendt Mattilsynet i digital løysing for høyringa 9. september. Gjeldande notat viser NIBIOs innspel.

På fôrområdet bes det spesielt om innspel på følgjande: Det følgjer av regelverket at prosesserte animalske protein frå svin, fjørfe og insekt, ikkje kan nyttast i fôr til hest, og at prosesserte animalske protein frå svin og fjørfe, ikkje kan nyttast i fôr til insekt. Dersom dette skal vere tillate, må det i framtidens regelverk fastsetjast eit unntak. Mattilsynet ønskjer informasjon om dette er ynskjeleg og med grunngjeving.

NIBIOs innspel er basert på fagleg vurdering av forskar Gunnhild Jaastad, i Divisjon for bioteknologi og plantehelse.

### **NIBIOs vurdering**

Insekt kan leva på mange typar organisk materiale, også matavfall frå hushaldingar. Slik regelverket er i dag kan ikkje insekt som er fôra med matavfall nyttast til dyrefôr, og dei kan ikkje bidra til å resirkulera og oppgradera denne typen avfall. Det vil i framtida vera svært viktig å resirkulera og bruka organisk avfall til fôr og mat.

Svin, fjørfe og fisk lever naturleg på insekt som igjen lever av både dyr, biprodukt av dyr og planter. Utvikling av fôrbehandlingsmetodar av hushaldningsavfall/PAP som til dels kan endra proteinform bør gje grunnlag unntak frå regelverk.



NIBIO

I fylgje forslaget kan fjørfe fôrast med PAP frå svin, men kan ikkje fôrast med PAP frå insekt som har ete svin. Vi stiller spørsmål ved forskjell i fare for overføring av TSE her. Her kan det gjerast unnatak frå forskrifta: Fjørfe kan fôrast med PAP frå insekt som har ete svin.

I fylgje forslaget kan svin fôrast med PAP frå fjørfe, men kan ikkje fôrast med PAP frå insekt som har ete fjørfe. Vi stiller og spørsmål ved forskjell i fare for overføring av TSE her. Her kan det gjerast unnatak frå forskrifta: Svin kan fôrast med PAP frå insekt som har ete fjørfe.

Det er utvikla metodar som kan analysera for og oppdaga PAP for svin og storfe, dvs. at insekt kan kontrollerast for innhald av desse. Slike analysar bør kunne gje unnatak frå regelverk.

Utvikling av analysar og metodar som sikrar trygt og smittefritt materiale bør gje grunnlag for unnatak frå regelverk (fermentering, hydrolyse). Til dømes kan det at insekt vert svelta for å tømme tarmen før 'hausting' hindra overføring av PAP frå andre dyr.

Vi visar til dømes til [Meijer et al, 2023](#), om lovverk for auka bruk av animalske biprodukt i ein sirkulær bioøkonomi, som argumenterer for at oppdrettsdyr si biologiske natur når det gjeld kosthaldspreferansar bør anerkjennast betre, at juridiske nulltoleransegrenser bør utvidast om det er trygt, og at lovgivinga bør reviderast og forenklast.

Med vennlig hilsen

Per Stålnacke

Forskningsdirektør, NIBIO